

## Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag til fråsegn:

«Etablering av Stord Folkehøgskule – Støtteerklæring Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget i Hordaland er kjent med initiativet til etablering av Stord Folkehøgskule. Dersom de som initiativtakarar lukkast med å få godkjent rammeplan, samt få det økonomiske fundamentet og det bygningsmessige på plass, vil Stord Folkehøgskule kunna bli eit viktig tilbod for ungdom frå heila landet. Etableringa vil sjølvstøtt bety mykje for Stord-samfunnet og heile regionen og samstundes ha viktig betydning for satsinga på entreprenørskap, samfunnsengasjement og berekraft opp mot unge vaksne.

I kjernen til Stord Folkehøgskule skal «entreprenørskap i nærings- og organisasjonsliv, og berekraft» vere hovudmål for skulen. Vidare skal skulens pedagogikk kvila på tanken om å fostra initiativ, handlekraft og omverdenkompetanse hjå elevane. I tett samarbeid med næringsliv, idrett- og organisasjonsliv, og det offentlege.

Stord og Sunnhordland er ein region sterkt prega av svingingane i olje- og petroleumssektoren, og mykje ressursar frå stat, fylke, kommune og næringsliv er livssatt for å fostra entreprenørskap og eit breiare næringsgrunnlag i regionen. I så måte passar Stord Folkehøgskule og entreprenørskaps-konseptet utmerka inn i overordna målsetningar og ambisjonar for Fylkeskommunen, næringsmål og FN's Berekraftsmål.

Fylkestinget i Hordaland stillar seg positivt til etableringa av ein ny folkehøgskule og ønskjer initiativtakarane lukke til vidare med etableringa av Stord Folkehøgskule.»

**Geir Angeltveit (V)** stilte spørsmål om sin habilitet då han er prosjektleiar og styreleiar i interimstyret for Stord Folkehøgskule.

Representanten trådte frå under vurderinga av habiliteten.  
Fylkestinget vedtok samrøystes at Angeltveit er inhabil etter fvl. § 6.1,e.  
Representanten trådte frå under behandlinga av saka.

### Røysting

Det var 55 representantar til stades.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Etablering av Stord Folkehøgskule – Støtteerklæring Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget i Hordaland er kjent med initiativet til etablering av Stord Folkehøgskule. Dersom de som initiativtakarar lukkast med å få godkjent rammeplan, samt få det økonomiske fundamentet og det bygningsmessige på plass, vil Stord Folkehøgskule kunna bli eit viktig tilbod for ungdom frå heila landet. Etableringa vil sjølvstøtt bety mykje for Stord-samfunnet og heile regionen og samstundes ha viktig betydning for satsinga på entreprenørskap, samfunnsengasjement og berekraft opp mot unge vaksne.

I kjernen til Stord Folkehøgskule skal «entreprenørskap i nærings- og organisasjonsliv, og berekraft» vere hovudmål for skulen. Vidare skal skulens pedagogikk kvila på tanken om å fostra initiativ, handlekraft og omverdenkompetanse hjå elevane. I tett samarbeid med næringsliv, idrett- og organisasjonsliv, og det offentlege.

Stord og Sunnhordland er ein region sterkt prega av svingingane i olje- og petroleumssektoren, og mykje ressursar frå stat, fylke, kommune og næringsliv er livssatt for å fostra entreprenørskap og eit breiare næringsgrunnlag i regionen. I så måte passar Stord Folkehøgskule og entreprenørskaps-konseptet utmerka inn i overordna målsetningar og ambisjonar for Fylkeskommunen, næringsmål og FNs Berekraftsmål.

Fylkestinget i Hordaland stillar seg positivt til etableringa av ein ny folkehøgskule og ønskjer initiativtakarane lukke til vidare med etableringa av Stord Folkehøgskule.